

Frå Halsabrotet til heile verda

20.12.2011



Cecilie med eit av bodskapa sine (Foto: Dagbladet)

**Cecilie Hellestveit (33) vaks opp i Halsabrotet i Uskedalen.**

**Ho har opplevd meir i det kortelivet sitt enn dei fleste.  
Islameksperten og forskaren ved Norsk Senter for  
Menneskerettigheter skulle bli geriljakrigar  
medan ho no freistar å redde verda.  
Men i eit stort intervju med Dagbladet seier ho at konfliktløysing  
eigentleg ikkje handlar om å løyse konfliktar.**

Det er for mange menneskje og for få ressursar til det i verda.  
Ein konfliktløysar eller fredsforskar ynskjer å finna flest mogelege  
løysingsmekanismar som går ut over færrest mogelege uskuldelege,  
held Cecilie fram. No er ho til dømes igang med å forske på folkerett  
i krig og ser på høvet til å drepe og internere - hvor grensene går for  
kva ein kan tillate for å løysa ein konflikt.

Ho er oppteke av at vanlege menneskje skal halda på med sine  
vanlege liv, Vi bor i verdas beste land fordi vi har så stor friheit  
til å bestemma kva livene våre skal bestå av, Fell du på utsida her  
fell du på utsida i ein heilt annan divisjon enn nesten alle andre menneskja i  
verda. Det gjer at mange ikkje kjenner behov for å prioritere store ting.

Dei prioriterar nære ting, og det er også kjempeviktig.  
Cecilie er lite glad i navlebeskuande egoistar uansett  
kor dei kjem ifrå. Men engajsmenet treng ikkje å konsetrerast berre om  
å stå opp for palestiniane. Det handlar også om å engasjera seg  
til dømes i idrettslaget.

Ho starta i Russland i 1990 hos ein fattig familie, men var slett ikkje så raud  
då ho kom att som da ho drog. Det siste oppdraget  
var å observere valet i dei palestinske områda.

Av Ola Matti Mathisen